

## Steinbering på Nåso?

26.09.2009



På Geitadalstindens topp der dette biletet er tatt, er det plass til meir stein. (Foto: Nelly Oline Kjærland)

**På Kvardag i Kvinnheringen har det for stutt tid sidan vore eit spesielt innlegg av Nils N som gjekk inn for steinbering på Ulvanåso! Han tok utgangspunkt i siste kommuneval og Innbyggjarpartiet og heldt fram:**

' Eg vil no gå i bresjen for eit anna gigantprosjekt, nemleg dette:

Uskedalen er jo den klart vakraste bygda i Kvinnherad. I tillegg ligg vi midt i kommunen, sentralt plassert.

Det skjer meg difor i hjarta at vi må nøyast med det nest høgaste fjellet i kommunen, sidan Melderskin er eindel høgare. Med det klatremiljøet som kvart år vitjar bygda er det klart at det høgaste punktet burde liggja nettopp i Uskedalen.

Korleis gjer vi dette? Sempelthen ved at kvar og ein som går til topps på Ulvanåso har med seg ein stein i ryggsekken, som han/ho legg att på toppen.

I løpet av få år vil vi ha bygd ut dette vakre fjellet med fleire hundre meter i høgda!

Så eg går inn for ei bygdaliste for Uskedalen, der vi sikrar offentleg støtte til dette. Men vi må skunde oss før kulturkontoret innfører landskapsvernområde her. Dersom vi kjem til makta vil vi påleggja alle innbyggjarane i Kvinnherad (så langt det let seg gjere) å ta ein slik tur i året. nærast som til Mekka. Kva seier de? Tapt sak? Langt ifrå! Eg synes ideen er fin eg'

Fleire har kommentert innlegget frå Nils N. Ein skriv at han heller vil skrive under på lista enn å bera stein til toppen, ein annan at han har sendt kone og dotter til fjells med litt stein i ryggsekken og ein tredje at Uskedalen burde ha det høgste fjellet ettersom bygda ligg midt i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen